

KSK/STP
312

201107642-33

Inger Kongslien Tveit og Knut Rogn Tveit

Tveitaronvegen 4

2973 Ryfoss

Tveit, 28. september 2015

nve@nve.no

Regnr: 6554

Saksnr: 2011076242

Tiltakshavar: Clemens Kraft ks

FØSSABERGE KRAFTVERK – HØYRINGSUTTALELSE

Me er eigar av garden Tveit, gnr 90 bnr 15, som ligg ved Tveit Stadion/Tveit bru. Me har over fleire år vorte informerte om planane om kraftutbygginga i Føssaberge. Me er positive til utbygginga, og er interesserte og opne for god dialog med utbyggar.

Me har nokre punkt me vil koma med:

- Me har sidan 2003 ei leigekontrakt med OVF på området der kraftstasjonen er planlagt. Denne går fram til 2023 (vedlegg 1). Der har med planer om nydyrking. Me har dyrkingsplan på dette, og den er konsesjonsbehandla i Vang kommune i 2003 (vedlegg 2). Me har pga av planane om kraftutbygginga måtte vente med dyrkinga, og er svært interessert i og få ei avklaring om dette. Me ser på dyrka jord nærme garden som gull verdt for oss. I tillegg har me ein son som er svært så interessert i og halde fram med gardsdrift, og difor må me tenkje langsiktig.
- Me ser i planen at det blir mykje masse som skal takast ut frå tunnelen. Denne massa ser me på som ein ressurs for oss og den nydyrkinga me har planer om ved det planlagte kraftverket. All denne massa kan brukast der til og fylla opp, slik at me får eit fint jorde der i samanheng med det eksisterande jorde som ligg der no.
- Kraftutbygging ser me på som rein og fornybar energi i ei allereie regulert elv. Føssaberge kraftverk ser me har ein stor produksjon på vinterhalvåret, og det ser me på som svært viktig. Vinteren er årstida med mest bruk for straum. Etter orientering frå utbyggar vedr minstevassføring, er me ikkje bekymra for det. Det er eit minus at vassføringa til tider kan bli noko mindre, men me meiner at ulempene er mindre en fordelane i denne utbygginga.
- Når det gjeld fisken, som mange er redde for, meiner me at dette kan håndterast med svært enkle grep, slik de har tegna det i detaljkart for kraftverket med terskel ved Rogn. Me ynskjer at fleire slike blir laga nedover elva, slik at vannspegel ved bla Tumleøygarden blir tatt vare på. Når det gjeld sjølve fiske, har det i all tid vore stor aktivitet frå Føssaberge og nedover til

Tveit bru, og viar nedover Begna mot Ryfoss. Me meiner at det beste fiske og tilkomst til elva er best her. Me hadde muntleg spørsmål til Clemens kraft om økonomisk bidrag til oppattrydding av fiskestigar på nevnte elvestrekk, ved sluttbefaring no i september. Noko som dei såg positivt på. Dette meiner me er svært viktig for framtidig friluftsliv og fiske i området.

- Det har frå fleire vore stort fokus på friluftsområdet Tveit – Torpe, og at det ikkje må bli øydelagt. Om det blir utbygging av kraftverk her, er me svært positive til at dette området fortsatt skal nyttast, og vil legge til rette for det. Me vil nemne at det frå gamal tid har vore stig her (skuleveg) som ungane frå Tveitron brukte. I seinar tid har Vang kommune merka denne stigen som går mot garden Rogn. For to år sidan tok Vang Turlag initiativ til å rydde breiar stig, samt legge ned klopper. I den samanheng vart stigen endra, så no går den til "Bleikfeto" og langs elva forbi "oppgangsage" og mot Torpe bru. Det vart då satt til to bord ved elva. (Den gamle stigen ligg sjølvstags fortsatt der, merka, men lenger opp i skogen). Me ser at denne nye stigen blir noko nytta, men dette mest fordi Vang turlag har denne turen på sitt 3-årige turmål. Etter desse tre åra, trur me med at det vil "gå tilbake til det gamle", at det er me som bur her, som vil nytte oss av nærområdet vårt, noko me alltid har gjort. Men me nyttar oss ikkje berre av denne stigen/området. Me har Kongevegen lenger opp for garden, og den er endå meir nytta som friluftslivområdet.
- Me ser på kraftutbygging som næringsutvikling og har tru på at at det rundt slike stader kan vekse opp andre næringar, difor er det viktig og spela på lag slik at alle partar kan bli fornøgde.

Med helsing

Inger Kongslie Tveit

Knut Rogn Tveit

Handwritten signatures of Inger Kongslie Tveit and Knut Rogn Tveit. The signature of Inger Kongslie Tveit is on the left, and the signature of Knut Rogn Tveit is on the right.

Vedlegg 1, jordleieavtale

Vedlegg 2, konsesjonssøknad



JORDLEIEAVTALE

Mellom Opplysningsvesenets fond (som eier) og Inger og Knut Rogn Tveit (som jordleier) er det i dag inngått følgende avtale:

1. Avtalen gjelder jordleie på Tveit skog gnr 90, bnr 5 i Vang kommune. Leietiden er 20 år, regnet fra 1. mai 2003. Arealet er ___ da fulldyrka jord, ___ da overflatedyrka jord, ___ da beite og ca 35 da anna areal. Arealet skal framgå av vedlagte kart. Det er jordleiers oppgave å fremskaffe nøyaktig areal.
2. Arealet skal benyttes til jordbruksformål. Avskoging av arealene skal skje etter avtale med NORSKOGs skogforvalter, Jan Erik Noreng. Inntektene av avskogingen tilfaller i sin helhet Opplysningsvesenets fond. Langs Begna skal det stå igjen et belte med skog/vegetasjon og det skal være mulig å ferdes fritt langs elva. På arealet som skal benyttes til beite, skal det stå igjen enkelte trær. Avskoging kan etter avtale med Noreng utføres før 1. mai 2003. Avskogingen skal skje i 2003.
3. Det er jordleiers ansvar å få konsesjon i fra Vang kommune til omdisponering fra skog til beite/nydyrking. Antall daa planlagt fulldyrka jord og beite er henholdsvis 20 daa og 15 daa. Fondet kan kreve grøfteplan før oppdyrking iverksettes. Innen 2008 skal all oppdyrking være utført.
4. Opplysningsvesenets fond skal fortsatt ha uinnskrenket rett til å benytte tidligere brukt veisystem på eiendommen.
5. I årlig avgift skal det betales kr 2625,- (75kr/daa) som innkreves forskuddsvis pr. 30.04 og 31.10 hvert år. Ved for sen betaling blir det beregnet renter etter lov av 17.12.76 nr 100.

Dersom kontrakten varer lengere enn 5 år blir avgiften regulert hvert 5. år i samsvar med det prisnivå som er vanlig for tilsvarende areal i distriktet. Partene kan ta opp spørsmål om regulering av leie utenom de faste reguleringene når det gjelder forbedringer eller forringelse av leiearealene.

Avgiftsregulering skjer med virkning fra første forfall etter at regulering er krevd.

6. Leieren skal drive arealet forsvarlig og holde jorda i god hevd til enhver tid. Eier kan ved leietakers fratredelse kreve gjødsel- og kalktilstand dokumentert ved jordprøver som ikke er eldre enn to år ved fratredelsen. Fremleie av areal og bortleie av havn er ikke tillatt uten Opplysningsvesenets fonds samtykke. Leieren har ingen rettigheter på garden utenom det som følger av leieavtalen. Alle henvendelser om bruk/leie av arealer som jordleier får fra tredjemann, skal henvises til eier.

Arbeid på søn- og helligdager må ikke forekomme uten i nødsfall.

7. Jordleier har ikke rett til innendørs eller utendørs lagring (maskiner, gjødsel, rundballer m.v.) i prestegårdens tun.
8. Gjerdeplikt påhviler leieren som skal holde ved like gjerdene på garden (unntatt gjerde rundt presteboligens hage). Leier skal også vedlikeholde grøftesystemet, og etterse at åpne bekker ikke gjør skade på jordbruksarealene.
9. Leieren må være innforstått med at det kan bli avstått jord i leietiden. Så fremt det gjeld dyrket jord, har han rett til en forholdsmessig nedsettelse av avgiften.
10. Større jordforbedringsarbeider og andre tiltak som leieren ønsker å foreta, må forelegges Opplysningsvesenets fond til godkjenning på forhånd. Slikt arbeid gir ikke uten særskilt avtale grunnlag for endring av leien. Opplysningsvesenets fond har intet ansvar for arbeider som er gjennomført uten godkjenning.
11. Leieren plikter å opplyse før inngåelse av avtale om han selv eier eller disponerer jordbruksarealer som har floghavre, eller har registrert andre alvorlige skadegjørere. Dette gjelder også uten hensyn til hvorvidt det (floghavre eller annet) faktisk er registrert av landbruksmyndighetene.

Ved registrering av floghavre i kontraktstiden, må eier underrettes straks, og leietaker må forplikte seg til aktiv bekjempelse i tråd med faglig aksepterte metoder. Tilsvarende gjelder for andre meldepliktige ugras eller skadegjørere.

Innleie av andre arealer fra leietakers hold i kontraktstiden som har floghavre, eller andre meldepliktige skadegjørere skal ikke forekomme, og slike forhold er grunn til oppsigelse med umiddelbar virkning, og med eventuelt tap av avling for leietaker.

12. Vesentlig mislighold av avtale gir Opplysningsvesenets fond rett til å si opp avtalen. Som vesentlig mislighold regnes bl.a. unnlattelse av betaling av avgift innen 6 mnd. etter forfallsdato, gjentatte betalingsforsinkelser, disponering av leieareal til andre forhold enn beskrevet i pkt. 1, samt vanhevd jfr. Jordloven § 8, 3. ledd.
13. Eventuelle tvister avgjøres med bindende virkning ved voldgift. Partene oppnevner hver sin representant og disse to i fellesskap oppnevner en tredje som fungerer som leder. Dersom partene ikke blir enig om lederen, oppnevnes denne av sorenskriveren.

14. Når leieperioden på 20 år er avsluttet, ansees jordleiers investeringer for å være avskrevet. Dette innebærer at en eventuell ny jordleieavtale med jordleier vil ta utgangspunkt i markedspris for oppdyrket jord uten at jordleier kan kreve fradrag for tidligere oppdyrkingskostnader.

15. Eventuelt:

_____ prestegard

_____ dato

Treit, 10 mars. 2003.

Jordleiers underskrift

Arnt Rogn Treit.

_____ dato

Oslo, 18.03.03

Eiers underskrift

Fredrik Lindemann e.f.



VANG KOMMUNE

LANDBRUK/TEKNISK

Norskog
v/Fredrik Lindemann
P.b. 123 Lilleaker
0216 OSLO

Vang, 03.02.03

Dykkar ref:

Sakshandsamar:
LTEH

Vår ref.:
03/00105-001

Arkivkode:
GNR 90/5

TVEIT FONDSKOG 90/5, OMDISPONERING AV SKOGSMARK TIL BEITE/NYDYR KING

Bakgrunn

Knut Rogn Tveit, eigar av Tveit, 90/15, ynskjer å leige/kjøpe om lag 50 da til beite/nydyrking av Tveit Fondskog, 90/5. Nordskog som forvaltar dette arealet er positiv til Knut Rogn Tveit sine planar, men ber om uttale frå kommunen før dei tek avgjerd.

Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar var på befar ing i denne skogteigen saman med Knut Rogn Tveit 28.01.2003. Denne delen av skogen ligg inntil Knut Rogn Tveit sin eigedom, sør og vest for den dyrka marka på garden.

Det var mykje snø, vurderinga er skriven ut frå inntrykket av ein del enkelt tre og skogen som heilheit.

På nedre del av arealet, langsmed Begna, er det gran med enkelte innslag av furu og lauvtre. Det er stor spre iing av alder og kroneskikt, frå smågran til tre på ca 15 m. Dette er eit tidlegare beite som har vakse att etter naturleg forynging. Det er ein god del grovkvista gran og det er nokre tre med fin oppkvisting. Ein del tre har liten/ingen toppvekst, desse er sannsynleg smitta av rotesopp.

I øvre del av dette arealet er det meir kupert og med furu som dominerande treslag. Trea her er meir einsarta men mange har dårleg stammeform med mykje turr grov kvist. Skogen her er tynna for nokre år sidan. På ein del av dette arealet vart det take ut grus for nokre år sidan. Her kjem det opp spreidde furuplanter og ein del lauv.


Omdisponering av skogsmark til beite/nydyrking kjem inn under § 50 i skogbrukslova. Arealet som er ynskt nytta til beite/nydyrking ligg ikkje i vernskog og skogen som veks på arealet i dag har ikkje kvalitet til å produsere godt virke.

Vang kommune er positiv til at arealet blir omdisponert til beite/nydyrking.

Side 1 av 2

Langs Begna skal det stå att eit belte med skog/vegetasjon og det må vera mogleg å ferdast fritt langs elva.
På arealet som blir nytta til beite bør det stå att enkelte tre, og det bør leggjast vekt på å setja att dei beste trea.

Med helsing



Endre Hemsing
Skogbrukskonsulent

Dir. tlf: 61 36 84 21

E-mail: endre.hemsing@vang.kommune.no

Kopi til: Knut Rogn Tveit, 2973 RYFOSS

Side 2 av 2

Postadresse: 2975 Vang i Valdres Tlf: 61 36 85 00 Bank: 2146 07 00024 URL: <http://www.vang.kommune.no>
Foretaks nr: 961 382 246 Fax: 61 36 85 01 e-post: vang.kommune@vang.kommune.no